



Rektor Lilli Britt gler seg til studieturen

Lærarstaben ved skulen i Uskedalen skal snart på ein uvanleg tur. 12 lærarar og 3 assistentar dreg på ein rask studietur til London for å læra meir på ein barneskule som heiter Pameman. Den er kjend nærsagt over heile verda for gode faglege resultat og er eit reisemål for pedagogar frå nær og fjern. Den har også mange etniske minoritetar, fortel rektor Lilli Britt Urheim til uskedalen.no Skulen har 300 elevar, men ikkje fleire enn 16 årsverk på den pedagogiske sida.

.

Lærarane frå Uskedalen reiser frå Bergen onsdag kveld og kjem att fredag, laurdag og sundag. Nokre av dei forlengar opphaldet på privat basis, sjølve skulevitjinga er på torsdag.

- Og om kvelden er det vitjing i Soho?
- Nei, det er det ikkje, det er eit nøkternt opplegg. Turen vert i stor grad finansiert av eit reisefond som er spara opp over lang tid og med unnatak av ein middag betaler vi maten sjølve. For min del er dette den fyrste studieturen min sjølv om eg har vore 20 år i skulen, seier den nye rektor i Uskedalen.

London-opplegget har samanheng med at skulen her i bygda har vore ein av skulane i Kvinnherad som deltek på den nasjonale satsinga av VURDERING FOR LÆRING. Alle lærarane og assistentane får kurs i dette og jobbar jamleg med temaet som pedagogisk utviklingsarbeid. Dei er i utprøvingsfasen og kjem gradvis til å ta i bruk ulike metodar av vurdering for læring i klassane.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen